



Masfjorden kommune

Ordføreren

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET		
04	1944	119
DATE 28 FEB. 2005		
AN	521	EGSP.

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148, Dep
0033 Oslo

Masfjordnes, 28. februar 2005

HØYRING OM NOU 2004:26 - HEIMFALL.

Masfjorden kommune har disse merknadane til NOU 2004:26::

- 1. Prosessen er etter Masfjorden kommune si oppfatning starta i feil ende. EØS-avtalen sitt handlingsrom for konsesjonslovgjevinga og heimfall må klårgjerast før ein vurderer framtidige heimfallsreglar, og det bør gjennomførast konsekvensutgreiingar før saka vert fremja for Stortinget for endeleg handsaming.*
- 2. Denne saka gjeld eigarskapet til vasskraftsektoren, og ho vedkjem såleis vitale interesser og verdiar for både oss og komande generasjonar. Nye heimfallsreglar må etter vår meining difor utformast slik at dei stimulerer til framleis offentleg eigarskap.*
- 3. Vi trur fleirtalet sitt framlegg vil stimulere til snarleg sal av offentlege eigarandelar. Omsynet til dei kommunale og fylkeskommunale eigarane som framleis ønskjer eigarskap vert etter vår meining ikkje ivareteke, og dei nasjonale interessene vert snarare svekka enn styrka.*
- 4. Etter vår meining gjev mindretalet sitt framlegg ein god balanse mellom omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynlege omstruktureringar på den eine sida, og omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt på den andre. Masfjorden kommune viser til grunnleggvinga frå mindretalet, og støttar deira framlegg.*
- 5. Masfjorden kommune støttar framlegget til vidareføring av vertskommunane sine rettar og framlegget til ny "trappetrinnsregel", slik eit samla utval går inn for.*

Med helsing
MASFJORDEN KOMMUNE

Håkon Matre
Ordførar

POSTADRESSE:
Kommunehuset
5981 Masfjordnes

OPPGJE VED HENV.

TELEFON
56 16 62 00

TELEFAX
56 16 62 01